

NAUSTDAL KOMMUNE

RÅDMANNEN

330.00

Det Kongelige Barne Og Familiedep
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

2004/04169
-263

Sakshandsamar: Eli Bolette Høydal Tyvold dir tlf: 57816124

Vår ref: EBT/2005/38/

Dykkar ref:

Dato: 10.01.2005

HØYRINGSUTTALE TIL NY BARNEHAGELOV

Naustdal kommune har hatt saka oppe både i kommunestyret og i Komité for oppvekst og kultur og kjem med sluke merknader:

Kapittel 1.

Det er positivt å få ein innhaldsparagraf som gjer klare føresetnader for kva som skal vere barnehagen sitt innhald. Dette understrekar at barnehagen har trong for høgt kvalifisert personale og at det er viktig å ha pedagogar i det daglege arbeidet. Etter vårt syn skulle ein lagt større vekt på danningprosessen for barns utvikling

Kapittel 2.

Det er positivt at ein impliserer FN sin barnekonvensjon i barnehagelova. Det må gjelde alle barn uavhengig av alder og funksjonsevne. Vi foreslår difor at ein stryk siste del av forslag til lovtekst: "*Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med alder og modenhet*"

Kapittel 3

Barnehagen sitt ansvar: Vi støtter lovframlegget, men vi fremjar forslag om å stryke: "*som nevnt i §8 fjerde ledd*" Da vi meiner at denne lovteksten tilhøyrer lov om kontantstøtte. Barnehagen er pliktig til å gje dei opplysningane dei treng for å føre register.

Kommunen sitt ansvar: For å kunne følgje opp tilsyn, må det finnast kompetanse på barnehage innafor kommunenivå. Denne kompetansen manglar i dag i mange 2-nivå kommuner. Etter vårt syn har ikkje kontroll av kontantstøtta noe med kommunen sitt ansvar i høve barnehagen å gjere. Vi har derfor framlegg om at 4.ledd (som gjeld register) vert flytta til lov om kontantstøtte.

Kapittel 4

Godkjenning: Lova må stille vilkår for bemanning, gruppestorleik, areal og opphaldstid, og at det er færre barn i gruppa under tre år. Kommune må ha rett til å stille dei krav dei finn naudsynt for å sikre kvaliteten.

Tilsyn og rettleiing: Vi ser det som positivt at ein vektlegg rettleiing som ein av kommunen sine oppgåver. Fagleg innhald må gjerast synleg og kome tydelegare fram i lovteksten. Skal ein oppnå intensjonen i innhaldsparagrafen, må ein legge vekt på utvikling og fornying av barnahagen som ein av kommunen sine oppgåver.

Postadresse:	Kontoradresse:	Sentralbord:	Telefax	Bankgiro	Org.nr. 963923899
Postboks 43	Kommunehuset	57 81 61 00	57 81 61 01	3841.07.10541	
6806 Naustdal	6817 Naustdal	E-postadr.: postmottak@naustdal.kommune.no			

Kapittel 5


Leiing: Det er viktig at kvar barnehage har ein leiar/styrar for å sikre og vidareutvikle eit kvalitativt godt pedagogisk tilbod. Det er naudsynt med pedagogisk kompetanse. Vi er sterkt i mot at kommunen kan gi varig dispensasjon frå utdanningskravet. Dersom kravet berre blir ei eller annan for høgskuleutdanning vil identiteten (barnehageidentiteten) kunne bli borte. Vi ser det som tenleg å ha felles leiing for barnehage og skule (gjeld mindre einingar). I høringsnotatet er det alternativ B som er mest tenleg for drifta i barnehagen.

Barnehagen sitt øvrige personale: Vi går sterkt i mot å fjerne kompetansekrav og normer for tal pr/vaksen i barnehagen. Lova må sikre at barnegruppa ikkje vert for stor, og at det er færre barn pr/vaksen for dei som er under tre år. Det må og være nedfelt kor mange barn det kan vere utifrå alder og opningstid. Vi støtter alternativ A.

Med mange ulike eigarar i sektoren, må det gjevast klare styringssignal i form av sentralt fastsette minstestandardar for sektoren slik at kommunen best mogleg kan utføre sitt mynde. Det gjeld både lokalar, utstyr og uteareal og desse må sikre eit trygt og utviklande miljø.

Utgangspunktet for høyringa er også at ansvar for finansieringa av barnehagen skal overførast til kommunen. Når kvart barn i barnehagen skal sikrast eit likeverdig tilbod, må finansieringa av kommunale og private barnehagar sjåast i samanheng utan at dei offentlege barnehagane vert offer for kommunal årmod.

Med helsing



Eli Bolette Høydal Tyvold
Rådgjevar Oppvekst Og Kultur
Naustdal kommune